

Idrettslaget Rein  
3895 Edland

idrettsglede  
www.reinil.no



Rein

---

# Årsmelding

## Gruppe

## Hus Styret

## 2022

---

Hovedsamarbeidspartner:



Idrettslaget Rein  
3895 Edland

idrettsglede  
www.reinil.no



Rein

---

## Gruppestyrets samansetning

Leiar: Knut Tore Apeland  
Nestleiar: Nelly Hermansen  
Medlem:  
Medlem:  
Andre:

## Gruppa sitt arbeid

### Møter

Det er ikkje avholdt møte.

### Utførte oppgåver

- Rydda og vaska innvendig
- Måka sno av tak
- Satt opp lydplater
- Montert vannlås på kjøkken
- Rydda garasjen
- Rydda ute og inne
- Mathylle på kjøkken
- Luke på garasje
- Ferdig portåpning

---

Hovedsamarbeidspartner:



Idrettslaget Rein  
3895 Edland

idrettsglede  
www.reinil.no



Rein

---

## Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Det har vært litt lite aktivitet i år.

Mål i 2023:

- Elektrisk port
- Rydde garasje og det ene rommet i kjeller
- Hyller i garasje
- Ljos i garasje
- Speaker bu i garasje
- Tak nedløp på garasje
- Ventilklapper innvendig i kjeller
- Ventiler i 1 etg
- Popup kontakter på kjøkken
- Montere flere lydplater i tak
- Ny lukka kloakk tank
- Lufting av kloakk

### Økonomi

Blei bruka lite av budsjettet i fjor pga elektrisk port ikkje blei bestilt og montert.

### Sluttord:

**Sign: Leder i hus styret**

---

Hovedsamarbeidspartner:



Idrettslaget Rein  
3895 Edland

idrettsglede  
www.reinil.no



Rein

---

# Årsmelding

## Fotballgruppa

# 2022

---

Hovedsamarbeidspartner:



Idrettslaget Rein  
3895 Edland

idrettsglede  
www.reinil.no



Rein

---

### Gruppestyrets samansetning:

Leiar: Gyri Midtveit  
Nestleiar: Per Kjetil Tveito  
Medlem: Kamilla Vågslid  
Medlem: Jostein Sletta

### Aktivitetar:

Me melde på tre lag G8, G10 og J12.

IL Rein var med på Vinjecup for G8 og G10 på Høydalsmocup.

Etter seriespelet var slutt, hadde me fotballavslutning inne i Storeguthallen. God stemning i kampar mellom foreldre og ungar. Kaffe, saft og kaker til spelarar og foreldre. Alle laga fekk tur til Hovden Badeland i staden for premie.

### Treningar:

Alle laga har hatt ei trening pr veke i sommarsesongen. Gledeleg er den gode oppslutninga blant dei yngste spelarane på 5-7 år (Lilleputtar).

Hausten 2022 starta innetrening for J13 ein kveld i veka.

### Vurdering av aktivitet i forhold til mål:

Det har over nokre år vore ein nedgang i antal spelarar. Det merkes mest frå aldersgruppa 13 år og oppover. Me arbeider med at fleire blir med å spela, og at dei er med så lenge som råd, men små og færre ungar i årskulla gjer denne jobben vanskeleg. Det er vidare vanskeleg å få til lag for spesielt jenter. Rigide reglar i kretsen og stor spreing i alder i ei gruppe gjer det utfordrande å få til eit lag som kan spele i serie.

### Økonomi:

God inntekt frå kiosksal.

Utgifter er knytt til forbruksmateriell som fotballar, drakter, keeperhanskar ol.

### Gruppa sitt arbeid:

Me har hatt to gruppestyremøter der diverse saker er behandla.

### Spesielle oppgåver:

Leiar har vore med på styremøte i idrettslaget.

---

Hovedsamarbeidspartner:



Idrettslaget Rein  
3895 Edland

idrettsglede



Rein

## Rekneskap 2021/budsjett 2022 fotball avd. 74

Kontonr.	INNETEKTER	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Rekneskap 2021	Budsjett 2022
3120	Sponsorinntekter	5000	5000	8000	6000
3341	Inntekter salg	2929	8000		3000
3441	Andre tilskudd/inntekter	5600			
	<b>Sum inntekter</b>	<b>13529</b>	<b>13000</b>	8000	9000
	<b>UTGIFTER</b>				
4020	Deltaking andre stemnekontingenter		3800		3800
4230	Utgifter arrangement		500	268	
4250	Premier			4029	5000
4310	Innkjøp av andre varer til videre salg		4000		
6510	Diverse utstyr	1753	2000	15382	16000
6860	Møte, kurs, oppdatering og lignende.				
7410	Kretskontingent	10418	10000	7890	10000
7412	Kontingent Prosjekt Vest-Telemark				
7771	Gebyr Vipps				
	<b>Sum utgifter</b>	<b>12171</b>	<b>20300</b>	27569	34800
	<b>Driftsresultat</b>	<b>1358</b>	<b>-7300</b>	-19569	-25800

---

Hovedsamarbeidspartner:



# Årsmelding

## Skileik

2022

### **Gruppestyrets samansetning**

Leiar: Jan Inge Nilsen

Nestleiar: Bjørgulv Kvåmme

Medlem: Jan Halvor Romtveit

## **Gruppa sitt arbeid**

### **Møter**

Det blei ikkje gjennomført møte i forkant av sesong 2022. Elektronisk kommunikasjon blei brukt for å sette opp vaktliste.

### **Aktivitetar**

I 2022 blei det gjennomført 12 kveldar med køyring, til saman 283 ungar var i trekket i løpet av desse dagane.

### **Vurdering av aktivitet i forhold til mål**

*I 2022 samsvara aktiviteten i stor grad med målet for skileik.*

### **Økonomi**

*Skileik har lite inntekter og er avhengig av overføring av midlar frå hovudlaget, drifta av anlegget har låge kostander. Utstyr som blir kaupt til bruk i skileik vil det søkjast refusjon på gjennom refusjons ordninga til Idrettsforbundet.*

*Drift av trakkemaskin og brøyting ligg på same konto som skileik. Dette medfører at desse utgiftene må takast høgde for i budsjett 2023 og midlar må overførast frå hovudlaget.*

*For 2021 ble det budsjettert 90000kr til graving m.m. Dette arbeidet blei ferdigstilt i 2022.*

*2022 viser eit driftsresultat på 6904 kr for avd. 77 Haukeli skianlegg-Barneskitrekk. Driftskostnader på 3340kr er diverse spader og snøskuffer.*

### **Sluttord:**

Skileik området skal vera ein låg-terskel arena for alle medlemmar. Området skal fremme leik og moro med ski på beina, og det greier me med det området me har.

**Jan Inge Nilsen**

**Leiar i skileik gruppe IL Rein**



Årsmelding

Haukelirennenet

2022

**Gruppestyrets samansetning**

Leiar: Margit Slåtta Flothyl  
Nestleiar: Lena Botn  
Medlem: Siv Nesheim  
Medlem: Anne Jordstøyl  
Medlem: Arnulf Elgen

Etter to amputerte år kunne idrettslaget Rein 2. april 2022 endeleg arrangere det trettande ordinære Haukelirennet. 1062 små og store deltakarar skein om kapp med sola, og IL Rein er strålende fornøgde med nok eit vellykka arrangement.

Det var gode tider å skimte denne flotte aprildagen. Den aller raskaste gjennom løypa var Gaute Kvåle frå Røldal IL med tida 1:11:38. Deretter fylgde Eivind Kjennerud frå Sande Sportsklubb med tida 1:12:58 og Arild Fosse frå Bjørgum med tida 1:15:14. På damesida vann Silje Øyre Slind frå Oppdal IL med tida 1:18:58, før Gunnhild Kvålseth med tida 1:24:49 og Hanna Kristine Larsen frå Heddal IL med tida 1:25:21. I ungdomsrennet var det Jacob Berntzen Utistog frå Koll IL som gjekk fortast. Kristina Skulestøyl Aas frå Gransherad IL var raskaste jente.

Sjølv om tidene over vitnar om eit høgt nivå, er det viktig å påpeke at Haukelirennet er eit turrenn for alle. Det var derfor svært moro å sjå skigleda blant alle trimmarane, mosjonistane, ungdommane og barna som deltok. Arrangøren er oppteken av mangfaldet, og at Haukelirennet er ein arena for alle. Den som går tur er like mykje deltakar som den som konkurrerer i aktivklassa, og ungdommar som aldri har gått skirenn oppmodas like høgt til å delta som landets beste. Det er det som gjer Haukelirennet til Rein skileik, og dette vil fokuset også i framtida.

Idrettslagsmedlemmane og innbyggjarane i bygda viser stor interesse for arrangementet, og i framkant av årets renn er det gått inn funksjonærkontrakter for tre nye år. Dette skapar føreseielegheit dei neste åra. Det er moro å sjå spennet i alderen mellom funksjonærane, og at også den yngre garde ynskjer å trå til. Dette får me mykje skryt for og det viser også at både idrettslaget og Haukelirennet er i trygge hender i åra framover.

IL Rein takkar med dette alle dei om lag 130 funksjonærane, alle samarbeidspartnarar og deltakarar for alle bidrag til gjennomføringa av eit flott arrangement. Me er takksame og stolte over kvar og ein av dykk.

### **Gruppa sitt arbeid**

Gruppestyret arbeidar kontinuerleg med å styrke arrangementet, og det har blitt gjort fleire større investeringar det siste året. Det har mellom ana blitt bygd ei bru i nedfarten/målområdet, og det er kjøpt inn nye stålgjerder til oppløpet og andre gjerder til løypetraseen. Vidare var og vil løypetraseen i sin heilheit bli stikka med naturstikk. Til tross for desse investeringane, og forventa lågare deltakartal på grunn av mykje koronasmitte, er IL Rein godt nøgde med årets overskotet.

Gruppestyret for rennet i 2023 består av Anne Jordstøyl, Arnulf Elgen, Signe Kristin Sollid Lien, nestleiar Janne Lindskog og leiar Margit Slåtta Flothyl.

### **Økonomi**

Etter to tunge koronaår fekk me ikkje så mange deltakaraer som håpa. Dette er det største tapet med tanke på overskotet. Me er likevel godt fornøgde med å gå i pluss. Sjå elles vedlagt rekneskap.

***Margit Slåtta Flothyl***  
**Leiar i Haukelirennnet**

Idrettslaget Rein  
3895 Edland

idrettsglede  
www.reinil.no



Rein

---

# Årsmelding

## Trim og orientering

# 2022

---

Hovedsamarbeidspartner:



Idrettslaget Rein  
3895 Edland

idrettsglede  
www.reinil.no



Rein

---

## Gruppestyrets samansetning

Leiar: Elin Haugo Kvåmme  
Nestleiar: Frode Langen  
Medlem : Heidi Strandkås  
Medlem : Stine Drange

## Gruppa sitt arbeid

### Møter

Me har hatt eit gruppemøte på våren for og planlegge sumarens aktivitetar. Vidare har me hatt kontakt på telefon gjennom året etter behov.

### Aktivitetar

Det har ikkje vore organisert aktivitetar for orientering dette året.

Me har delteke i Stolpejakten, og hatt ute 19 stolpar spredt rundt i Vågslid, Songa, Haukeli og Edland.

Trimbøker som var ute på veten : Ljosløypa, Gråne i Arabygde, Flatafjodd og Bygdevegen  
Trimbøker som var ute på sommeren : Flatafjodd, Bygdevegen Edland, Bygdevegen Haukeli, Margittjønn Bordalsvegen, Vatjønn, Tippen Arabygdi

Det har vorte spela ut forslag til plassering av trimbøkar til medlemmane i idrettslaget, men det har vore liten respons. Allikevel er det mange som besøkjer bøkene.

Fleire har besøkt alle bøkene.

Me har arrangert felles trimturar på sumaren der lokale personar fungerer som turguide. Alt frå 2-15 stk deltek pr tur. Fleire gjengangerar.

---

Hovedsamarbeidspartner:



Idrettslaget Rein  
3895 Edland

idrettsglede  
www.reinil.no

---



Rein

## **Vurdering av aktivitet i forhold til mål**

Grappa ynskjer å få eit betre variert aktivitetstilbod gjennom heile året for barn og vaksne i alle aldre.

Føler me har oppnådd målet. Mange har nytta seg av trimbøkene og stolpejakten me hadde i sumar. Det vart delt ut 35 premiar for trimmerar under 18 år, og 16 premiar for vaksne på trimbøkane. I tillegg er det fleire deltakerar som har gått turar i bøkene, men som har ikkje har hatt nok kryss for premie.

## **Økonomi**

Grappa hadde ingen større investeringar. Kjøpte premiar for 1500 kr då det var att premiar frå førre år, og er såleis godt innafor budsjettet.

---

Hovedsamarbeidspartner:



Idrettslaget Rein  
3895 Edland

idretts glede  
[www.reinil.no](http://www.reinil.no)

---



Rein

Ref : Elin Haugo Kvåmme

---

Hovedsamarbeidspartner:



Idrettslaget Rein  
3895 Edland

idrettsglede  
www.reinil.no



Rein

---

# Årsmelding

## Hovudstyret Idrettslaget Rein

# 2022

---

Hovedsamarbeidspartner:







---

## Styrets samansetning

Leiar: Knut Rosenkar Garnes  
Nestleiar: Gyri Midtveit (Fotball)  
Kasserar: Elin Apeland  
Sekretær: Elin Haugo Kvåmme (Trim/orientering)  
Medlem: Knut Tore Apeland (Husstyret)  
Medlem: Janne Anita Lindskog (Haukelirennet)  
Medlem: Jan Inge Nilsen (Skileik)  
Medlem: Nelly Hermansen (Ski)

## Styrets arbeid

Styret har hatt 7 fysiske styremøte og eit styremøte på TEAMS, me har behandla xx saker dette året. Av større saker så vil eg trekke fram nokre av dei her.

- Reinsparken/ TVERGA. Me har i perioden gjennomført 2 møter med Vinje kommune (VK) der styret har vore til stades, og leiar har vore til stades på to gruppemøte med VK. Styret si haldning har vore at me er udelt positive til at VK arbeider for ein aktivitetspark i området rundt skulen/idrettsanlegg. Planprosessar har slik me oppfattar det vore noko stillstand i under korona perioden, og VK har nok blive noko pressa på bruk av midlar igjennom 2022. Seiste forslaget frå VK innebar at sjølve parken blei knyta nærare idrettsbane enn opphaveleg plan, argumentet er her då å få til samspel mellom organisera og uorganisert aktivitet, samt bevare mest mogleg av skog. Styret gjorde då eit vedtak 16 nov 2022 på at areal av grasbanen og løpebane kunne settast av til Reinsparken. Med forbehold om omlegging av løpebane med ny sving mellom grasbane og Reinsparken. Det skal ikkje takast meir areal enn at IL Rein også kan opparbeide ny 7er bane på sida av eksisterande kunstgras 7er bane. 8 des. 2022, blei det innkalla til møte på TEAMS mellom VK og styret, her var temaet disponering av areal, og at VK skal oppgradere parkeringsplass er det også ynskjeleg at eksisterande fotballbod må rivast, VK kan ikkje erstatte den med midlar frå TVERGA. IL Rein har i mange år jobba med tanken om å rive denne boden og erstatte med ny bod/kiosk. Styret var noko skeptisk til ei avtale utan økonomisk sikring for bygging av ny, den einaste sikringa me har er at VK har lova at satsinga på Reinspraken og idrettsanlegget

---

skal fullførast før dei går vidare på nye prosjekt. Resultatet blei fylgjande styrevedtak «Styret vedtek med dette godkjenning av arealbruk og fjerning av elementa fotballbu, lengdegrop og kulebane. Vinje kommune skal ha dialog med idrettslaget om å finne løysingar med å etablere tilsvarande element. Prosjektet Reinsparken skal ikkje ha økonomiske forpliktelsar med å etablere elementa som blir fjerna»



- Dyrskudugnad
  - Her gjorde styret eit styrevedtak på å sei opp noverande avtale grunna uklar avtale rundt det som kjem til omfang og Dyrskun si forventning av oppgåver tillagt IL Rein
- Heimesida
  - Her gjorde styret eit vedtak på å bytte leverandør av heimeside, grunnlaget var eit behov for å nå samla ut til medlemsmasse, og ein plattform der det er raskare og enklare å publisere.
- Spelemiddelsøknad målområde



- 
- Det har blive sendt inn søknad om spelemidler på avslutning av målområde/stadion, dette prosjektet blei framskynda i prosjektplanen grunna “gåve” som blei gjeven av KR Entreprenør og Nils Vågslid AS ved bygging av ljosløypa. Det var viktig å få realisert dei gåvene i ein søknad, difor blei dette prosjektet framskynda

### **Aktivitetar**

Styret ved leiar har vore aktivt med i Vinje kommune sitt arbeid med den nye aktivitetsparken ved barnehage/skule. Styret ved leiar har også delteke på 3 møter i Vinje Idrettsråd, i arbeidet i Vinje Idrettsråd arbeidast det aktivt for å få på plass betre rammevilkår for idrettslaget, både for det som gjelder rein økonomisk støtte frå kommunen, men også på finansiering av anlegg.

Delar av styret har delteke på tilgjengelege kurs i regi av Vestfold og Telemark idrettskrets, t.d. kurs i spelemiddelsøknader og gjennomføring av årsmøte.

### **Vurdering av aktivitet i forhold til målsetting**

Målet i 2022 var å arbeide vidare med vedteken prosjektplan. Styret arbeider også for å oppretthalde aktiviteten i laget. Der har også vore viktig for styret å få på plass ei ny nettside for å nå ut til alle medlemmer med oppdatera informasjon. Haukelirennen blei gjennomført på ein framifrå måte, og samanlikna med renn me kan samanlikne oss med blei resultatet veldig bra, tross fyrste gjennomføring etter pandemien. Eit anna mål var å auke antal aktive medlemmer noko me til ein viss grad har oppnådd i 2022.

---

## Medlemsoversikt

Medlemstalet har vore forholdsvis stabilt i 2021. Nokre fråfall har det vore i etterkant av nedstenginga, men fråfallet blant aktive har vor merkbart.

Medlemmer	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
<b>Kvinner 2021</b>	5	16	16	5	76	118
<b>Kvinner 2022</b>	2	13	16	9	76	116
<b>Menn 2021</b>	3	28	24	5	67	127
<b>Menn 2022</b>	6	23	20	6	64	119
<b>Totalt 2021</b>	8	44	40	10	143	<b>245</b>
<b>Totalt 2022</b>	8	36	36	15	140	<b>235</b>

## Aktive medlemmer

Aktivitet	Ski	Fotball	Totalt
<b>2021</b>	44	59	<b>103</b>
<b>2022</b>	63	63	<b>126</b>

## Økonomi

IL Rein har i 2022 eit totalt underskot på 91 059,- Dette har mykje i hovudsak samanheng med at styre har forskotera 115000,- kr på arbeid med målområde/stadion, uforutsett reperasjon trakkemaskin på 82000,-kr .Me har i løpet av 2022 overført føring av rekneskapen til skybasert løysing, som fører til ein meir oppdatert oversikt og auka økonomisk bevisstheit i gruppene. Alt fakturering skjer med attesting av kassarar og leiar.

## Sluttord

Idrettslaget har hatt god aktivitet både innan mindre arrangement og utbetringar av fysiske bygg og anlegg. IL Rein er kanskje den viktigaste bidragsytaren for fysisk aktivitet og sosialt møterom for bygdene i Øvre- Vinje. Dette må også i åra framover vera målet, med at IL Rein er inkluderande og greier å auke medlemstalet og oppretthalde god dugnadsvilje blant medlemmer.

Mbh  
Knut R Garnes/Leiar

## Årsmelding frå kontrollutvalet – IL Rein 2022

---

I høve til NIFs lov § 2-12, gir kontrollutvalet for IL Rein si beretning.

Kontrollutvalet skal kontrollere at styret utfører dei oppgåver styret er tillagt.

### Rekneskap

Kontrollutvalet har ingen kommentarar til rekneskapet. Utvalet forutset at prinsipp for god rekneskapskikk er følgd. Me tek atterhald om uoppdaga feilføringar eller at ting kan vera oversett.

I det store og det heile ser det ut til at idrettslaget sine midlar er anvendt i høve til lovar og vedtekter, og at laget har god økonomisk internkontroll.

### Merknader

Kontrollutvalet er ein ny funksjon i idrettslaget. Dette krev noko innkøyringstid. Det er til dømes ikkje gjennomført regelmessige møter i løpet av året, ana enn møte i oppstarten og kurs på teams for kontrollutval, regi kretsen.

Kontrollutvalet har tilgang til referat og vedtak via Teams. Syner elles til handlingsplanen, som seier at *referat frå styremøter blir lagt på heimesida, og vedtekne saker blir annonsert på heimesida.*

Edland, 09.03.2023

**Katrine Grindalen**

---

**Silje Hagen**

---